



Ashild Sjøwall haustar poteter frå blomeurna.

Fire potetgroer vart til mange poteter, og det i ei blomeurne. Åshild Sjøwall har alltid sett og hausta poteter. Det er likevel fyrste gongen ho gjer det på denne måten og resultatet er betre enn poteter på friland. Berre i dag har ho hausta meir enn 10 poteter. Då er det meir att i blomekassen.

Det hadde seg slik at Åshild kjøpte poteter på butikken. Nokre fekk groe på seg, om lag 20 cm lange. Ho tok groestilken, ikkje setjepoteter, og grov ned i blomeurna ved inngangen. Molda var frå fjoråret og hadde vore brukt til andre planter. Straks tok det til å spira. Ho tenkte ikkje så mykje på det, men vart overraska då ho fekk sjå kva som var under, store og fine poteter, truleg av typen Beate.

Åshild Sjøwall har alltid hatt stor interesse for poteter og grønnsaker. Alt mens dei budde i Matre, hadde Åshild og

Knut nok poteter til eige bruk. Dette tok dei med seg til Uskedalen. Berre i år har dei brukt av eigne poteter i ein månad.



[Ikkje noko å sei på resultatet. Potetoptaket er ikkje ferdig. Under riset er det meir å henta.](#)

Før hadde dei eit variert utval av grønnsaker. No er det mindre. Brunsnigelen et opp det meste, anten det er reddig, gulerøter eller kålplanter. Då er det betre med poteter. Noko ris står att dersom nokon vil sjå og vera med på resten av potetoptaket.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Knut Sjøwall